

FAMILIEVERNET  
Nynorsk

Illustrasjonsfoto: Tine Poppe

Til deg som er fråteken  
omsorga for barnet ditt




Bufetat

# Til deg som er fråteken omsorga for barnet ditt

Familievernet gir tilbod om rådgiving og behandling til alle som opplever vanskar, konflikhtar eller kriser i familien. Dette kan vere alt frå kvardagsproblem til samlivsbrot og omsorgsovertakingar. I familievernet arbeider det mellom anna familieterapeutar, psykologar og sosionomar. Tilbodet er frivillig og gratis.

Barneverntenesta har ansvar for å følgje opp både barn og foreldre etter ei omsorgsovertaking. Nokre foreldre syns det er utfordrande å samarbeide med og få hjelp frå barnevernet i ein slik situasjon, samtidig som dei opplever eit stort behov for hjelp og støtte. Difor har familievernet fått eit særskilt ansvar for å gi eit tilbod til foreldre som har blitt fråtekne omsorga for barnet sitt.







# Kva for hjelp kan du få på familievernkontoret?

## Handtere kjensler

Å bli fråteken omsorga for barnet sitt er ei av dei største krisene foreldre kan oppleve. Også foreldre som er einige i at barnevernet skal ta over omsorga, kan ha behov for hjelp og støtte. Kanskje opplever du situasjonen som svært kaotisk og uoversiktleg, og sit med mange spørsmål du ikkje har fått svar på. Det er vanleg å kjenne på kjensler som fortviling, sagn, sinne, sorg, skuld og maktesløyse. Nokon kan også føle seg letta, og kanskje få dårleg samvit for at dei føler seg slik.

Det er ofte god støtte i det å dele kjensler og erfaringar med nokon som er van med å snakke med menneske som har opplevd liknande situasjonar. Familievernkontoret kan hjelpe deg med å handtere den nye livssituasjonen, uansett om omsorgsovertakinga er vurdert å vere kortvarig eller langvarig. Du vil få støtte på dine eigne premissar, og hjelp til å sjå framover.

## Råd og rettleiing

Mange foreldre er usikre på korleis dei kan vere foreldre når barna ikkje bur hos dei. På familievernkontoret kan du få hjelp til å sjå kva for behov barnet ditt har, slik at samværet blir best mogleg for dykk begge. Du vil bli betre førebudd på situasjonar som kan oppstå, og på korleis du kan handtere desse. Du kan også få hjelp til å byggje opp eit konstruktivt samarbeid rundt barnet ditt.

## Gruppetilbod

Nokre familievernkontor tilbyr samtalegrupper og kurs for foreldre som er fråtekne omsorga. For mange kjennest det godt å møte andre foreldre i same situasjon, som dei kan dele erfaringar med.

## *Kva er det familievernet **ikkje** kan gjere?*

*Familievernet skal ikkje vurdere omsorgskompetansen til foreldra.*

*Familievernet kan ikkje endre vedtaket om omsorgsovertaking.*

*Familievernet kan ikkje endre samværsordninga eller auke mengda samvær.*



## *Er det viktig for barna at du tar imot hjelp?*

*Dei fleste barn tenkjer mykje på foreldra når dei bur på institusjon eller hos ein fosterfamilie. Viss dei opplever at foreldra har det tungt, kan dei uroe seg. Denne uroa kan gjere det vanskeleg å slappe av i leik, eller å konsentrere seg på skulen. Det kan vere trygt for barnet å vite at andre vaksne hjelper deg.*

## Teieplikt, meldeplikt og opplysningsplikt

Dei som jobbar i familievernet, har teieplikt og skal i utgangspunktet ikkje fortelje noko vidare. Dersom dei blir alvorleg uroa for omsorgssituasjonen til eit barn, har dei likevel plikt til å melde frå om dette til barnevernet. Barnevernet har rett til å hente inn opplysingar frå familievernet, men det skal i hovudsak skje i samarbeid med foreldra. Tilsette i familievernet kan også bli innkalla som vitne i fylkesnemnda eller tingretten, og har då plikt til å svare på spørsmål.

## Korleis kan du kome i kontakt med eit familievernkontor?

På [www.bufdir.no/familie](http://www.bufdir.no/familie) finn du ei oversikt over alle familievernkontora i landet. Du kan sjølv ta kontakt og be om time. Barneverntenesta kan også bestille time for deg, viss du føretrekkjer det. Det er fritt val av familievernkontor. Det betyr at du kan velje å bruke eit anna familievernkontor enn det som ligg nærast heimstaden din. Viss du får store reiseutgifter ved å oppsøkje eit familievernkontor, kan du ta kontakt med sakshandsamaren din i barneverntenesta for å høyre om det er mogleg å få dekt kostnadene.

Denne brosjyren er tilgjengeleg  
på følgjande språk: Norsk: bokmål  
og nynorsk, samisk, engelsk, polsk,  
russisk, somali og arabisk.

Last ned utskriftsvenleg versjon på:  
[www.bufdir.no/fratattomsorg](http://www.bufdir.no/fratattomsorg)



**Bufetat**

**Barne-, ungdoms-  
og familieetaten**

Illustrasjonsfoto: Tine Poppe  
[bufdir.no/familie](http://bufdir.no/familie)